



Austevoll kommune

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

døke, 10

Kultur- og kyrkjedep. 10	
Saksnr. 200605491	Dato 20.10.06
Kode Ki-501	Beh.

Vår ref.
06/00235-007/RAADSH

Arkivkode.
C70

Dykkar ref.

Dato.
18.10.2006

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - NOU 2006 :2

Austevoll kommune viser til NOU 2006:2 om Staten og Den norske kyrkja.

Austevoll kommunestyre hadde saka føre i møte 12. d.m. Kommunestyret har under sak 089/06 gjort følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre meiner at dagens statkyrkjeordning best ivaretek fellesskap og mangfald i religiøse spørsmål for folk flest, og går inn for å oppretthalda dagens ordning.

Til vidare orientering følgjer som vedlegg saksprotokoll og saksframlegg, så langt det gjeld kommunestyresak 089/06.

Sentraladministrasjonen


E. Nøstdal
Rådmann


Steinar Hole
Økonomisjef

Kopi:
Austevoll sokneråd.

Vedlegg:

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 12.10.2006
Sak: 0089/06

Arkivsak: 06/00235
Tittel: SAKSPROTOKOLL: STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA -
HØYRING

Handsaming:

Framlegg frå Austevoll Arbeiderparti v/Jane Stangeland:

”Austevoll kommunestyre meiner at dagens statskyrkjeordning best ivaretek fellesskap og mangfald i religiøse spørsmål for folk flest, og går inn for å oppretthalda dagens ordning.”

Ved røysting fekk framlegget frå Jane Stangeland 14 røyster.

Tilrådinga fekk 9 røyster.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre meiner at dagens statskyrkjeordning best ivaretek fellesskap og mangfald i religiøse spørsmål for folk flest, og går inn for å oppretthalda dagens ordning.

SAKSFRAMLEGG.

Sakshandsamar: Steinar Hole
 Arkivsaksnr.: 06/00235

Arkiv: C70

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Saksnr :	Utval:	Møtedato.
0102/06	Formannskapet	03.10.2006
0089/06	Kommunestyret	12.10.2006

Formannskapet si tilråding:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande uttale til spørsmåla om ny statskyrkjeordning:

Spørsmål 1.

Overordna prinsipp.

- Den norske kyrkja bør behandlast som det den er, nemleg eit trussamfunn, med ansvar for – og kall til å forkynna evangeliet inn i folk sin kvardag.
- Den norske kyrkja bør såleis få moglegheit til å vera ei kyrkje for folket.
- Den norske kyrkja bør få eit sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og kyrkja si verksemd å gjera. Dette fører med seg at kyrkja får vedta sjølv kven som skal vera leiarar i kyrkja.
- Det bør vera ei offentleg oppgåve å leggja til rette for, - og hjelpa til økonomisk til at Den norske kyrkja kan utøva sitt kall og sitt ansvar i og for folket, - særleg på bakgrunn av at om lag 85 % av det norske folk veljer å døypa borna sine i Den norske kyrkja.
- Dette bør sjølvstendig også gjelde for andre trus- og livssynssamfunn i kongeriket.

Spørsmål 2

Den norske kyrkje som statskyrkje.

Svar: Spørsmål 2.

Bør avviklast.

Spørsmål 3.

I kva lov bør Den norske kyrkje vera forankra?

Svar: Alternativ 2.

Eiga kyrkjelov vedteke av Stortinget.

Grungjeving:

Det vert tilrådd at Den norske kyrkja vert avvikla som statskyrkje (pkt. 2, alt 2 i høyringa). Samstundes vert det tilrådd at Den norske kyrkja bør verta ei lovforankra folkekyrkje, med framleis tilknytning til staten gjennom ei eiga kyrkjelov, vedteke av Stortinget (pkt 3, alt 2 i høyringa). Slik tek ein på alvor den lange tradisjonen me har hatt med statskyrkja i Norge og at Den norske kyrkja pr. i dag er kyrkje for store delar av det norske folk.

Vidare må det poengterast – at andre trussamfunn sine rettar framleis må sikrast (jfr. lov om trussamfunn).

Spørsmål 4.

Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

Svar: Alternativ 3.

Støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.

Grunngjeving:

Ein er samd med Gjønnesutvalet si fleirtalstilråding om at det er eit offentleg ansvar å hjelpa til økonomisk, ved at statleg hjelp dekkjer løn og personalkostnader, at kommunen dekker utgifter til bygg, anlegg og drift og at ein gjennom ein medlemskontingent finansierer arbeidet i kyrkjelyden.

Spørsmål 5.

Korleis bør valordninga og demokratiet vera dersom statskyrkjeordninga vert avvikla?

Svar: Alternativ 1.

Valordninga bør vera som i dag.

Grunngjeving:

Valordninga, slik den er i dag, fungerer tilfredsstillande. Sjølv sagt er det ønskjeleg med auka deltaking om vala, med dette må me prøva å få til med auka interesse for, og engasjement i kyrkjelyden.

Spørsmål 6.

Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Svar: Alternativ 3.

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

Grunngjeving:

Mange kjenner uro ved å endre grunnlova § 2. Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget bør difor vera nedfelt i Grunnlova § 2, eller i ein annan paragraf sjølv om statskyrkjeordninga vert avvikla.

Spørsmål 7.

Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

Svar: Alternativ 2.

Den lokale kyrkja ved sokneråd/kyrkjeleg fellelråd.

Grunngjeving:

Den lokale kyrkjelyden har lang tradisjon og erfaring med gravferdsforvaltning. Kyrkja får mykje takk for tenestene den yter i samband med gravferd og måten dei møter og hjelper dei pårørande på. Ein kan såleis ikkje sjå noko grunn til å endra denne praksisen. Ein praksis som eit overvaldande fleirtal vel å nytta seg av. Ein er sjølv sagt klår over at ein i større grad vert eit fleirkulturelt samfunn. Men i lang tid har kyrkja hatt eit godt samarbeid med andre trus- og livssyssamfunn og har såleis god erfaring med å handtera dette.

Spørsmål 8.

Kven bør eiga og forvalte kyrkjebygga?

Svar: Alternativ 2.

Den lokale kyrkja bør eiga kyrkjebygga og kommunen ha det økonomiske ansvaret.

Grunngjeving:

Kyrkjebygga er i dag kyrkjelyden sin eigedom og slik bør det og vera i framtida. Ansvar for vedlikehald og drift bør framleis liggja til kommunen (jfr. spørsmål 4 i høyringa).

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 03.10.2006 sak 0102/06

Handsaming:

Framlegg Arbeiderpartiet v/Jane Stangeland:

”Austevoll kommunestyre går inn for dagens kyrkjeordning.

Den Norske kyrkja fungerer i dag som felleskyrkje og blir styrt etter demokratiske prinsipp.”

Ved røysting fekk framlegget frå Jane Stangeland 1 røyst.

Tilrådinga frå rådmannen fekk 6 røyster.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande uttale til spørsmåla om ny statskyrkjeordning:

Spørsmål 1.

Overordna prinsipp.

- Den norske kyrkja bør behandlast som det den er, nemleg eit trussamfunn, med ansvar for – og kall til å forkynna evangeliet inn i folk sin kvardag.
- Den norske kyrkja bør såleis få mogelegheit til å vera ei kyrkje for folket.
- Den norske kyrkja bør få eit sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og kyrkja si verksemd å gjera. Dette fører med seg at kyrkja får vedta sjølv kven som skal vera leiarar i kyrkja.
- Det bør vera ei offentleg oppgåve å leggja til rette for, - og hjelpa til økonomisk til at Den norske kyrkja kan utøva sitt kall og sitt ansvar i og for folket, - særleg på bakgrunn av at om lag 85 % av det norske folk veljer å døypa borna sine i Den norske kyrkja.
- Dette bør sjølv sagt også gjelde for andre trus- og livssynssamfunn i kongeriket.

Spørsmål 2

Den norske kyrkje som statskyrkje.

Svar: Spørsmål 2.

Bør avviklast.

Spørsmål 3.

I kva lov bør Den norske kyrkje vera forankra?

Svar: Alternativ 2.

Eiga kyrkjelov vedteke av Stortinget.

Grungjeving:

Det vert tilrådd at Den norske kyrkja vert avvikla som statskyrkje (pkt. 2, alt 2 i høyringa).

Samstundes vert det tilrådd at Den norske kyrkja bør verta ei lovforankra folkekyrkje, med

framleis tilknytning til staten gjennom ei eiga kyrkjelov, vedteke av Stortinget (pkt 3, alt 2 i

høyringa). Slik tek ein på alvor den lange tradisjonen me har hatt med statskyrkja i Norge og

at Den norske kyrkja pr. i dag er kyrkje for store delar av det norske folk.

Vidare må det poengterast – at andre trussamfunn sine rettar framleis må sikrast (jfr. lov om trussamfunn).

Spørsmål 4.

Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

Svar: Alternativ 3.

Støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.

Grunngjeving:

Ein er samd med Gjønnesutvalet si fleirtalstilråding om at det er eit offentleg ansvar å hjelpa til økonomisk, ved at statleg hjelp dekkjer løn og personalkostnader, at kommunen dekker utgifter til bygg, anlegg og drift og at ein gjennom ein medlemskontingent finansierer arbeidet i kyrkjelyden.

Spørsmål 5.

Korleis bør valordninga og demokratiet vera dersom statskyrkjeordninga vert avvikla?

Svar: Alternativ 1.

Valordninga bør vera som i dag.

Grunngjeving:

Valordninga, slik den er i dag, fungerer tilfredsstillande. Sjølv sagt er det ønskjeleg med auka deltaking om vala, med dette må me prøva å få til med auka interesse for, og engasjement i kyrkjelyden.

Spørsmål 6.

Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Svar: Alternativ 3.

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

Grunngjeving:

Mange kjenner uro ved å endre grunnlova § 2. Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget bør difor vera nedfelt i Grunnlova § 2, eller i ein annan paragraf sjølv om statskyrkjeordninga vert avvikla.

Spørsmål 7.

Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

Svar: Alternativ 2.

Den lokale kyrkja ved sokneråd/kyrkjeleg fellelråd.

Grunngjeving:

Den lokale kyrkjelyden har lang tradisjon og erfaring med gravferdsforvaltning. Kyrkja får mykje takk for tenestene den yter i samband med gravferd og måten dei møter og hjelper dei pårørande på. Ein kan såleis ikkje sjå noko grunn til å endra denne praksisen. Ein praksis som eit overvaldande fleirtal vel å nytta seg av. Ein er sjølv sagt klår over at ein i større grad vert eit fleirkulturelt samfunn. Men i lang tid har kyrkja hatt eit godt samarbeid med andre trus- og livssyssamfunn og har såleis god erfaring med å handtera dette.

Spørsmål 8.

Kven bør eiga og forvalte kyrkjebygga?

Svar: Alternativ 2.

Den lokale kyrkja bør eiga kyrkjebygga og kommunen ha det økonomiske ansvaret.

Grunngjeving:

Kyrkjebygga er i dag kyrkjelyden sin eigedom og slik bør det og vera i framtida. Ansvaret for vedlikehald og drift bør framleis liggja til kommunen (jfr. spørsmål 4 i høyringa).

Saksdok :

1. Saksutgreiing og vedtak i Austevoll sokneråd, sak 017/06.
2. Referat frå møte 12.06.2006.
3. Notat om forholdet mellom Staten og Den norske kyrkja.

Bakgrunn:

Det offentlege utvalet som i 2003 vart oppnemnt for å vurdera alle sider ved statskyrkjeordninga si utgreiing er sendt ut på høyring.

Austevoll sokneråd har hatt saka føre i møte 14.09.2006, under sak 17/06.

Det vert i det høve vist til vedlagte saksutgreiing til soknerådet med tilråding og vedtak.

Det ligg vidare føre refeat frå møte 12. juni i år mellom representanter frå kyrkjar og Austevoll kommune.

Til slutt ligg det føre notat om forholdet mellom Staten og Den norske kyrkja utarbeidd av soknepresten.

Det skal i uttalane svarast på ein del spørsmål.

Vurdering:

Dei hovespørsmåla som det skal takast stode til er om det i framtida skal vera ei

- Grunnlovsforankra kyrkje
- Lovforankra folkekyrkje
- Sjølvstendig folkekyrkje.

Austevoll sokneråd har i dei fleste spørsmåla som vert stilte delt seg i eit fleirtal og mindretal. Fleirtalet ønskjer at Den norske kyrkja som statskyrkje bør avviklast. Mindretalet går inn for noverande ordning. Det vert elles vist til soknerådet sitt vedtak der røystetala for dei ulike alternativa går fram.

Rådmannen har i si tilråding slutta seg til fleirtalet i soknerådet.